

Hildegunn Konglevoll
Leirvågsvegen 95
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2390 - 21/17650

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
25.05.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan 133/3 Soltveit Søndre og 128/13 Titland Nordre

Administrativt vedtak: Saknr: 358/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 25.05.2026 for GBNR 133/3 og GBNR 128/13, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket Hildegunn Konglevoll har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på **GBNR 133/3 og GBNR 128/13**. Drifta er 4 geiter, 6 høner , 4 hestar og 2 lama. Føretaket eig 3,9 daa overflatedyrka mark og 32 daa fulldyrka mark.

Søkjeren har opplyst på telefonen at Inneførsperioden til geiter,lama og hestar er 6 mnd,resten av tida beiter dei på innmark og utmark. Søkjeren spreder hestegjødsel over beitemarkene sine to ganger i året.

Vi har vore på synfaring hos føretaket på fredag 21.05 og ho har opplyst at ho kjøper inn 500 kg fullgjødsel 18-3-15 pr år.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på fulldyrka og overflatadyrka mark				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium	
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
500	18-3-15	35,9	fulldyrka og overflatadyrka mark	13,9	2,5	0,4	2,1

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

19,2 m3	Hestemøk	35,9	fulldyrka og overflatadyrka mark	0,5 t/daa	1,7	0,5	2,5
Sum			Alt jordbruksareal		4,2	0,9	4,6

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium .
GDE vinterfora sau/ geit (0,6 minus frådrag for beitetid blir GDE 0), GDE vaksne hester =2

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Kommunen oppmodar føretaket til å ta jordprøvar for å få oversikt over næringsinnhaldet i jorda. Jordprøvar kan vera grunnlag for betre tilpassing av gjødselsmengde og gjødselslag til jordart og driftsform.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 21/2390 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakarar:

Hildegunn Konglevoll

Leirvågsvegen 95

5953

FONNES